



VAKSDAL KOMMUNE

PLANPROGRAM



Figur 1: Dale sentrum
Kilde: Trond Erik Brekke, Velkommen til Vaksdal

Plannivå: **Områderegeringsplan for Dale**

PlanID: 4628_2026001

Versjon: Høyringsutkast

Dato: 24.03.2026

Innhald

1. Bakgrunn.....	3
1.1 Føremål med planprogrammet	3
1.2 Kva er eit planprogram?	5
2. Planområdet.....	5
2.1 Kva er eit planområde?.....	5
2.2 Gjeldande planstatus.....	6
2.3 Planområdet.....	8
2.4 Planområdet i dag.....	8
2.5 Dagens situasjon - historisk utvikling.....	10
3. Ny områdeplan.....	12
3.1 Mål for planarbeidet	12
3.2 Viktige tema i planarbeidet	13
4. Konsekvensutredning	14
4.1 Forskrift om konsekvensutredning	14
4.2 Aktuelle tema og problemstillingar for utgreiing.....	14
4.3 Metode for Konsekvensutredning (KU).....	16
4.4 Risiko og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)	17
5. Planprosess og medverknad	18
5.1 Innspel som del av planprosessen	20
6. Framdriftsplan	20
7. Nasjonale og regionale føringar	21

1. Bakgrunn

Planarbeidet med ny områdereguleringsplan for Dale starta i 2026. Området har i dag fleire eldre reguleringsplanar, og det er behov for ein heilskapleg gjennomgang («planvask») der eksisterande arealføremål vert vurdert på nytt. Dale står også ovanfor større og mindre endringar i dag- og i framtida, og ein har fått ny kunnskap og nye føringar for samfunns- og tettstadutvikling.

Områdereguleringa skal fungera som ein overordna plan som legg til rette for utvikling i tråd med dagens bruk, samfunnsutvikling og framtidige behov. Det vil vera behov for ulik grad av detaljering, slik at det i enkelte områder kan bli gjennomført tiltak utan vidare plankrav.

1.1 Føremål med planprogrammet

Føremålet med planprogrammet er å avklara rammene for områdeplanen og utviklinga av Dale- med mål om å styrka trivsel og bulyst, og vareta eksisterande og framtidige arbeidsplassar. Som kommunesenter har Dale ein sentral rolle i Vaksdal kommune når det gjeld handel, arbeidsplassar, samferdsel og bustadtilbod.

Vaksdal kommune har i dag 3899 innbyggjarar (SSB, 4. kvartal 2025), og befolkningsveksten dei seinare åra skuldast i stor grad tilflytting, både innanlands, men og innvandring frå mellom anna Ukraina, Polen og Eritrea. Tilflyttinga representera ein viktig ressurs gjennom auka mangfald og styrka grunnlag for tenester og lokalt næringsliv.

For at nye og eksisterande innbyggjarar skal oppleva tilhøyrslø og delta aktivt i lokalsamfunnet, må det bli planlagt for inkluderande møteplassar og eit variert bustadtilbod.





















Figur 2: Dale sentrum i dag. Kjelde: Sign Arkitektur

Utvikling av eit levande og attraktivt sentrum er eit sentralt mål i planarbeidet. Områdereguleringa skal leggja til rette for eit variert tilbod av handel, service, kultur og sosiale møteplassar, og tilgjengelege uterom.

Det skal særleg bli lagt vekt på løysingar som fremjar gange, sykling og opphald i sentrum, og som bidreg til aktivitet gjennom heile året. Eit styrka sentrum vil vera viktig både for innbyggjarane, og for å gjera Dale meir attraktivt for besøkande, og dermed bidra til ein berekraftig og positiv utvikling av tettstaden.

Planområdet vert vist på eit plankart. Plankartet vil ha ulike farga på forskjellige områder.

Ved sida av kartet vil det bli vist til ein teiknforklaring som forklara kva føremål dei ulike fargane på kartet har.

TEGNFORKLARING	
PBL § 11 KOMMUNEPLANENS AREALDEL	
Nåværende	Framtidig
BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL §11-7, nr 1)	
 Boligbebyggelse	 Bebyggelse og anlegg
 Sentrumsformål	 Boligbebyggelse
 Forretninger	 Fritidsbebyggelse
 Offentlig eller privat tjenesteyting	 Forretninger
 Råstoffutvinning	 Offentlig eller privat tjenesteyting
 Næringsbebyggelse	 Råstoffutvinning
 Idrettsanlegg	 Næringsbebyggelse
 Andre typer bebyggelse og anlegg	 Idrettsanlegg
	 Andre typer bebyggelse og anlegg
	 Grav- og urnelund

Figur 4: Døme på teiknforklaring på arealføremål. Kjelde: Regjeringen.no


2.2 Gjeldande planstatus

Store delar av området er i dag ikkje detaljregulert, men inngår i Kommuneplanen sin arealdel for Vaksdal kommune 2019-2031, vedtatt 23.09.2019. Det er likevel fleire reguleringsplanar innanfor planområdet.

Et mål med planarbeidet er å rydda opp i eldre reguleringsplanar i området og gje kommunen eit oppdatert styringsverktøy i areal- og byggjesaker. Dette medføra at fleire eldre planar kan bli oppheva og erstatta med områdeplanen. Ved varsel om oppstart av områdeplanen blir det difor også varsla oppheving av mange reguleringsplanar. Planprosessen vil avklara kva planar som vil bli oppheva.

Plan ID:	Reguleringsplan:	Vedtatt:
4628_1971001	Stasjonsområdet	18.03.1971
4628_1984002	Dale sentrum	11.05.1984
4628_1985002	Dalsleitet	02.05.1985
4628_1986001	Dale sentrum kvartal I	06.04.1986


4628_1986002	BKK Dale kraftverk	01.09.1986
4628_1987001	Dale sentrum kvartal F og G - Barnehage	23.02.1987
4628_1989001	Dale sentrum kvartal M, N og O	13.02.1989
4628_1991001	Skyttarplassen	25.02.1991
4628_1992006	Riksveg 13 ved Dale stasjon	30.11.1992
4628_1992007	E16 HP9 Dalegarden/Nordalen	14.12.1992
4628_1994003	BKK kurssenter - Dale	20.12.1994
4628_1999004	Reguleringsendring del av reguleringsplan for Dale sentrum. Tomt for ny sjukeheim/omsorgsbustader.	23.12.1999
4628_2012003	Dalegarden nord	16.06.2014
4628_2018001	Dale stasjon	04.11.2019
4628_2021002	Dale kollektivhaldeplass	05.10.2023
4628_2021003	Dale gravplass	24.03.2026
4628_2022001	Dalegarden (forslag)	



Figur 5: Utsnitt av gjeldende kommuneplan. Kjelde: Arealplaner.no

2.3 Planområdet

Planområdet for områdereguleringa, vist i figuren under, omfattar heile tettstaden Dale, og strekk seg frå Dalegarden i sør-vest til Dalseiddalen i nord og Skyttarplassen i aust. Sentralt i planområdet ligg Dale sentrum, Sandliane, Hestavollen, Kalvekroken og Nedre/Øvre Eikhaugen. Området har ein storleik på om lag 1900 daa.




Figur 6: Planområdet sin avgrensing. Kjelde: Sign Arkitektur

2.4 Planområdet i dag

Dale er kommunesenter i Vaksdal kommune og har om lag 1100 busette. Dale består mellom anna av eit sentrum med tett og variert bebyggelse, gågate, ligg ved E16 og i gangavstand til jernbanestasjon. Dale er i dag omfatta av fleire eldre reguleringsplanar for enkelte område.

Sentrumsområdet inngår i reguleringsplan frå 1984 som har vore gjenstand for endring fleire gongar.

Som tettstad står Dale også ovanfor større og mindre endringar no og i framtida, og ein har fått ny kunnskap og nye føringar for samfunns- og tettstadutvikling.



Figur 7: Tettstadar i Vaksdal kommune. Kilde: Sign Arkitektur

2.5 Dagens situasjon - historisk utvikling

Dale som tettstad har utvikla seg med utgangspunkt i etableringa av tekstilindustrien på slutten av 1800-tallet, då dei fyrste fabrikkbygga vart oppført i 1879. Industrien la grunnlaget for busetting og vidare vekst, og har i stor grad styrt tettstaden sin struktur og utviklingsretning.



Figur 8 Tekstilfabrikken. Kjelde: Dale of Norway

Utbygginga av vasskraft, særleg frå fyrste halvdel av 1900-talet og vidare utover 1950-talet, var ein avgjerande forutsetning for industriell produksjon og vidare utvikling av tekstilfabrikken. Tilgangen på stabil kraftforsyning gjorde det mogleg å oppretthalde og vidareutvikle industriverksemda, som igjen bidrog til arbeidsplassar og busetting i området.

Bebyggelsen på Dale er i stor grad konsentrert rundt fabrikkområdet ved elva i sentrum, og følger dalen og landskapet sitt naturlege terreng. Tettstaden ligg i eit trangt dalføre med bratte fjellsider, der bustadar i hovudsak er plassert rundt den flate elvesletta og i skråningar langs flata. Planområdet strekk seg frå Dalegarden i sør til Dalseiddalen i nord, og er prega av ein tydeleg samanheng mellom industri, bustadområde og infrastruktur.

I dag har også Eviny og Statnett kraftverks- og transformatoranlegg i området, som førar vidare Dale sin rolle som et viktig stad for energiproduksjon. Dagens sentrum på Dale er fortsett tett knytt til det historiske fabrikkmiljøet, både fysisk og funksjonelt.



Figur 9 Oversiktsbilde sentrum. Kjelde: Sign Arkitektur



Figur 10 Oversiktsbilde sentrum. Kjelde: Wikipedia

3. Ny områdeplan

Det er behov for å ein overordna områdeplan som skapar meir forutsigbare rammer for utvikling i området og som legg til rette for at utviklinga skjer på en heilskapleg og langsiktig måte. Områdeplanen må sikra miljømessig og sosial berekraft, og leggja til rette for at Dale kan utvikla seg med dei moglegheitene tettstaden har som kommunesenter.

3.1 Mål for planarbeidet

Hovudmål

- Områdereguleringa skal leggja til rette for ein heilskapleg, framtidsretta og berekraftig utvikling av tettstaden Dale.
- Styrka Dale sin identitet og attraktivitet for innbyggjarar og næringsliv.
- Planen skal gje tydelege og forutsigbare rammer for arealbruk, utbygging og utvikling i sentrum og planområdet.

Delmål

- 1) Leggja til rette for berekraftig og aldersvenleg bustadutvikling og variert næringsutvikling i og rundt sentrum.
- 2) Sikra gode offentlege rom og attraktive uteområde som bidreg til sosial aktivitet, trivsel og styka folkehelse.
- 3) Styrka Dale sentrum som kommunesenter i Vaksdal kommune.
- 4) Gjera tettstaden Dale meir samanhengane og tilgjengeleg.
- 5) Auka tal gåande og syklande og redusera bilbruk innanfor planområdet. Utvikla gode og trygge forbindelsar for mjuke trafikantar, samt styrka koplinga mellom sentrum og bustadområde, til kollektivfunksjonar.
- 6) Ta omsyn til eksisterande bebyggelsesstruktur, kulturmiljø og landskap i vidare utvikling.
- 7) Sikra miljømessig og sosial berekraft i utvikling av tettstaden.
- 8) Leggja til rette for langsiktig utvikling som tar omsyn til ny kunnskap og føringa for tettstadutvikling.

3.2 Viktige tema i planarbeidet

I sentrum av Dale skal det bli lagt til rette for sentrumsføremål med ein tydeleg prioritering av handel, bustadar og offentlege tenester som skule og barnehage. Utviklinga skal bidra til eit kompakt og funksjonelt sentrum, der innbyggjarar enkelt kan ferdast utan bil og har tilgang til daglege funksjonar innan gangavstand.

Dale har i dag ei variert samansetning av bustad, næring, handel og offentlege funksjonar. Det er avgrensa areal for ny utbygging i sentrum, og eit viktig tema i planarbeidet vil difor vera å leggja vekt på fortetting og transformasjon innanfor eksisterande byggjestruktur. Gjennom planarbeidet kan ein vurdera korleis nye bustadar og næringsverksemd kan bli plassert strategisk for å styrka sentrumslivet.

Gode løysingar for gåande og syklande vert eit viktig tema, for at tettstaden Dale skal bli opplevd meir tilgjengeleg og samanhengande. Det skal bli lagt særskild vekt på trafikksikre løysingar, slik at barn og unge kan bevega seg trygt med samanhengande gangforbindelsar.

Delar av tettstaden kan i dag framstå som fragmentert, med varierende kvalitet på uterom og avgrensa samheng mellom funksjonar. Det er behov for å styrka sentrum som sosial møteplass og utvikla meir attraktive og aktive byrom, som kan skapa liv og aktivitet året rundt. For å oppnå ei meir heilskapleg utvikling vil det vera viktig å fokusera på betre koplingar mellom funksjonar, styrking av blågrøne strukturar og utvikling av viktige forbindelsar. Dale har ein tydeleg identitet knytt til industrihistoria og landskapet, noko som gjev eit godt utgangspunkt for vidare utvikling.

Planarbeidet kan vurdera tiltak som gjer tettstaden Dale meir samanhengane og tilgjengeleg. Dette kan bli gjort gjennom utvikling av næring og bustad, parkområde, og attraktive forbindelsar og møteplassar, som til dømes langs elva. Dalegarden og Dale sentrum er to område med næring og industri, og gjennom planarbeidet kan ein vurdera korleis ein styrkar samspel og samheng mellom desse områda.

Viktige tema i planarbeidet:

- Heilskapleg arealbruk og fortetting
- Styrking av sentrum og lokale møteplassar og grøntområde
- Tilrettelegging for bustad- og næringsutvikling
- Kopling mellom samferdsel, blågrøne strukturar og bebyggelse
- Funksjonsblanding i sentrumsområde (bustad, næring og offentlege føremål)
- Utvikling av viktige samferdselsårer og gang- og sykkelforbindelsar
- Etablering av attraktive og trygge forbindelsar langs elv og eksisterande traséar for auka tilgjenge og aktivitet
- Samspel mellom næringsområde på Dalegarden og Dale sentrum
- Mobilitet, trafikktryggleik og parkeringsareal
- Kulturminne og kulturmiljø

4. Konsekvensutredning

4.1 Forskrift om konsekvensutredning

Planområdet er stort og omfattande, og det vil derfor vera nødvendig med konsekvensutgreiing. Det skal bli gjennomført ein konsekvensutgreiing for alle planar og tiltak som kan få vesentleg verknad for miljø eller samfunn.

Føremålet med en konsekvensutgreiinga er å gje eit godt slutningsgrunnlag ved å synleggjera kva konsekvensar ein plan eller eit tiltak kan få for blant anna natur, miljø, klima og menneske.

4.2 Aktuelle tema og problemstillingar for utgreiing

Arealbruk, byrom og stadkvalitet

- Fortetting, transformasjon og knutepunkt
- Tettstadutvikling
- Byggjehøgder, tettleik, tilpassing til eksisterande bebyggelse
- Konsekvensar for torg, gater, offentlege rom
- Sol, skygge, vind og siktlinjer

Bustad og befolkningsutvikling

- Bustadbehov, prognoser og bustadtypar
- Bukvalitet og bulyst
- Uteoppfallsareal og nærmiljøanlegg

Næringsliv og lokaløkonomi

- Sentrumsfunksjonar og næringsareal
- Moglegheit for ny næring og arbeidsplassar
- Attraktivt sentrum og lokal verdiskaping

Trafikk, samferdsel og tilgjengelegheit

- Trafikksikkerheit for gåande/syklande, kollektivtransport og universell utforming til sentrale funksjonar
- Lokalisering for parkering og konsekvensar for tettstaden
- Endring i trafikkmønster/mengde

Landskap

- Naturmangfald
- Vassmiljø og naturmangfald i vatn
- Tilgang/barrierar til grøntområde, møteplassar og rekreasjon
- Blågrøne forbindelsar, naturmangfald, friluftsliv og rekreasjon
- By, bygdsliv og friluftsliv
- Barn og unge sine oppvekstvilkår

Kulturminne og kulturmiljø

- Registrerte kulturminne, historiske bygningar og vern
- Staden sin karakter og identitet

Klima, energi og miljø

- Arealeffektivitet og fortetting mtp transportbehov
- Klimatiltak i sentrum (overvatn, flaum og varme)
- Klimagassutslepp

Teknisk infrastruktur og samfunnssikkerheit

- Grunn- og vassforureining
- Vatn og avlaup
- Straumforsyning
- Støy
- Luftforureining

4.3 Metode for Konsekvensutredning (KU)

Metode for utgreiinga er basert på Miljødirektoratet sin *Håndbok og konsekvensutredning av klima og miljø | M.1941*. Handboka er tilpassa utgreiing av reguleringsplanar og tiltak. Det er fleire tema som skal bli utgreidd i ein konsekvensutgreiing, og framgangsmåten vil vera litt forskjellig for dei ulike tema-kategoriane. For Dale vil dette innebera konsekvensar av framtidige tiltak og endringar frå dagens situasjon som er planlagt innanfor planområdet.

Referansealternativet (0-alternativet)

Referansealternativet eller 0-alternativet (dagens situasjon) er et viktig begrep som konsekvensar skal bli målt opp imot. Dette definerer om tiltaket vil føra til forbetring eller forverring i området samanliga med dagens situasjon.

Det er tre hovudforhold som står sentralt i vurdering av konsekvensar:

1. Verdi – kor stor verdi har temaet i området
2. Verknad - i kor stor grad blir området påverka av tiltaket/endringa
3. Konsekvens – samanstilling av verdi om omfang

Tabell 1- konsekvensnivåa

	Positiv konsekvens
	Ubetydeleg/ingen konsekvens
	Liten negativ konsekvens. Må bli vurdert om tiltak skal bli innlemma i planen
	Middels – stor negativ konsekvens. Arealendring kan vera i konflikt med viktige omsyn og krev gode avbøtande tiltak. Endring bør ha stor betydning for framtidig utvikling av tettstaden.

Tabell 1: Beskrivelse med symbol- og fargeskala for konsekvens i konsekvensutredningen

Følgjande oppsett for KU skal bli nytta for å vurdere utgreiinga som følgje av områderegulering for Dale.

Tema:		
Omtale: - Arealstorleik		
Eigenskapar ved planen:		
<ul style="list-style-type: none"> - Kva skal bli gjort, kvifor og korleis? - Kor inngripande er tiltaket? - Dagens tilstand (vurdere konsekvens) - Bruk av ressursar, avfall, utslepp, risiko forulukker - Kor sårbart er området som vert påverka? - Påverknad på omgjevnadane- kulturminne, befolkning og nærmiljø - Kor store er verknadane, varige/midlertidige, reversert, samla belastning over tid? 		
Tiltak og tidspunkt:		
Førebyggjande eller avbøtjande tiltak: Evt. rekkjefølgjeføresegn		
Eksisterande/nytt føremål:	Konsekvens (verdi og omfang)	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, usikkerheiter
Samlet vurdering:		

4.4 Risiko og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)

Som ein del av områdereguleringa skal det bli utarbeida ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) i tråd med plan- og bygningsloven § 4-3. Analyza skal belyse relevante tema og problemstillingar knytt til risiko og sårbarheit for de planlagde tiltaka. Viktige utfordringar i planområdet er blant annet topografi og terrengtilpassing, moglegheiter for ny bebyggelse, samt naturmiljø og verdiar som må bli varetatt. Konsekvensutgreiinga vil dekke store deler av utgreiingsbehovet. I ROS-analysen vil det derfor vera særleg fokus på følgjande tema:

Tema i ROS-analyse

- **Naturfare og klima**
Elv, flaumfare og skredfare, basert på lokale aktssemdkart
- **Grunnforhold og geoteknikk**
Områdestabilitet, kvikkleira og forureining
- **Infrastruktur og tekniske anlegg**
Trafikkforhold, kraftverk og jernbane
- **Ulykker og beredskap**
Brannfare, eksplosjonsfare, utrykkingstid for nødetatar
- **Samfunnssikkerheit og helse**
Trygge uteområde for barn og unge, universell utforming og tilgjengelegheit
- **Overvatn og blågrønstruktur**
Flaumvegar, overvasshandsaming, kapasitet i avlaupssystem

5. Planprosess og medverknad

I arbeidet med områdereguleringa vert det lagt det stor vekt på ein grundig og inkluderande medverknadsprosess. Føremålet er å sikra at flest mogleg skal få moglegheit til å koma med innspel og påverka planarbeidet før endelege slutningar vert fatta. Ein tidleg involvering er avgjerande for å skapa eigarskap til prosessen, og for å samle inn lokal kunnskap og erfaringar som kan bidra til at planen blir best mogleg tilpasse staden og dei behova som finst.



Figur 11: Medverknadsprosess. Kjelde: Pinterest

Medverknad kan bli organisert på fleire måtar. Det vert planlagt følgande medverknadsformar:

- Opne informasjonsmøte og workshop
- Dialogmøte med næringsliv
- Ideverkstad med barn og unge
- Skriftlege og digitale innspel via kommunen sin nettside og sosiale medium
- Gjestebod – der heile familien kan svara på spørsmål saman frå heimen

Medverknad vil mellom anna inkludera:

- Styrker, svakheiter og moglegheiter for Dale
- Utvikling og arealbruk
- Møteplassar og uteareal
- Trafikktryggleik og tilgjengelegheit

Målgrupper vil vera næringsliv, frivillige lag og organisasjonar, innbyggjarar – særskild småbarnsfamiliar, ungdom, eldre og pensjonistar, pendlarar, mfl. Fleire av kommunen sine råd og utval, som til dømes eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, og ungdomsrådet vil bli involvert.

Tidleg involvering i planlegging der brukargrupper og berørte partar får eigarskap til arbeidet, og kan dela kunnskap og erfaringar er svært viktig for at planarbeidet skal verta vellukka.

5.1 Innspel som del av planprosessen

Som del av den ordinære planprosessen får naboar, berørte partar, sektormynde og interessentar moglegheit til å uttala seg ved fleire anledningar. Det vert lagt opp til følgjande tidsrom for moglegheit til å koma med uttale og medverknad. Figuren under viser ein vanleg planprosess med milepelar for kvar det kan bli gjeve innspel.



Figur 12: Vanleg planprosess og tidsrom for innspel. Kjelde: Nesodden kommune

6. Framdriftsplan

Førebels (tentativ) framdriftsplan for områdereguleringa er vist i tabellen under. Lengda kan bli påverka av høyringsprosessen og eventuelle utgreiingar.

Offentleg høyring av planprogram og varsel om oppstart	April-juni 2026
Godkjenning av planprogram	September 2026
Utarbeiding av områdereguleringsplan	Februar 2026 – april 2027
Medverknadsprosess	Mai 2026 – desember 2026
Fyrstegongs handsaming (hyring/offentleg ettersyn)	Vår/sommar 2027
Slutthandsaming og vedtatt plan	Vår/sommar 2028

7. Nasjonale og regionale føringer

Nasjonale forventningar og statlege føringer

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2023–2027) med særleg vekt på klima og energiomstilling, berekraftig arealbruk, naturmangfald og klimatilpassing.
- Statleg planretningslinje SPR for klima- og energi (2025) – relevant med tanke på arealdisponering, klimatilpassing og reduksjon av klimagassutslepp.
- Statlege planretningslinjer (SPR) for arealbruk og mobilitet (2025) – legger føringer for å sikra gode transportløysingar og redusera transportbehov og utslepp.
- Rikspolitiske retningslinjer for barn i planlegging (2019) – for å ivareta barn og unges oppvekstvilkår, tilgang til trygge uteområde og medverknad i planprosessen.
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021) – viktig for å vurdere støysoner, særleg ved etablering av industri.
- Retningslinje for behandling av luftkvalitet og støv i arealplanlegging (T-1520/2012) – særleg relevant for industriområde og transport.
- Anbefalingane i retningslinje for behandling av støy og støv i arealplanlegging (T-1442 og T-1520).

Regionale føringer

- Regional transportplan for Vestland fylke (2022-2033)
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026
- Regional plan for kultur 2023-2035
- Regional plan for klima 2022–2035
- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021–2033
- Regional vassforvaltningsplan: 'Vatn frå fjell til fjord' 2022-2027

Kommunale føringar og normer

- Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel - overordna rammar for næringsutvikling, arealbruk og omsyn til miljø og samfunn.
- Kommunedel- og temaplanar
- Folkehelseoversyn

Andre relevante føringar

- Naturmangfaldlova §§ 8-12 – prinsippa for berekraftig bruk og varetaking av naturmangfald, som må bli lagt til grunn i planlegginga.
- Forureiningslova – relevante føresegn for avfallshandtering, utslepp og støy.
- Kulturminnelova – krav om vurdering av kulturminne og automatisk freda kulturminne i område før utbygging.